

# U1 – Jernbane er naudsynt

---

Årsmøtet i Tromsø SV meiner 2019 må bli året då vi står samla bak kravet om at utbygginga av jernbane i Nord-Noreg må starte.

Veksten i trailertrafikk med dei konsekvensane vi har sett på nordnorske vegar i vinter er nok eit viktig argument for jernbane. Vegane kan ikkje ta unna for den aukande veksten i godstransport, både kvalitet og framkommeleghet på vegane tilseier at vi no må ha eit alternativ. Det alternativet er tog og skip.

Nord-Noreg fortener eit alternativ til flyet – det alternativet kan berre vere ein jernbane. Vi ser tydelegare og tydelegare at klimaendringane grip om seg. Skal vi kunne nå dei måla vi har sett internasjonalt må toget vere ein del av løysninga.

For Tromsø vil tog vere med på å binde byen saman med omlandet. Ein rask jernbane vil bringe store delar av Midt-Troms innafor behageleg dagpendlaravstand frå Tromsø. Det vil utvikle ein større bu og arbeidsmarknadsregion og skape vekst i næringslivet.

Tromsø SV krev derfor:

- Bygging av Nord-Noregbanen, med Ofotbanen til Tromsø som første byggetrinn må inn i neste NTP.

Tromsø SV ber om at alle politiske parti legg trykk bak dette kravet overfor sine nasjonale organisasjoner.